

Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar



Innleiing

Introduksjonsloven, kapittel 4, heimlar obligatorisk opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak på 300 timar. Av dei skal 50 timar vere samfunnskunnskap på eit språk som innvandraren forstår. Obligatorisk opplæring inneber også rett til individuelt tilrettelagd opplæring. I tillegg til 300 timar får kommunane plikt til å gi inntil 2700 timar vidare opplæring til personar som har behov for slik opplæring for å nå nivå B1 (det svarer til norskprøve 3) i det felleseuropeiske rammeverket for språk.

Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap skal gjere det mogleg for innvandraren å verte likestilt, integrert og delta i det norske samfunnet. For at det skal kunne skje, må opplæringa opne for at invandraren får nytte den kompetansen han eller ho har med seg frå opphavslandet.

Planen byggjer på dei overordna prinsippa i den generelle delen av læreplanverket. Læreplanen beskriv språknivåa med utgangspunkt i Common European Framework of Reference for Languages: learning, teaching, assessment (2001). Dette rammeverket for språklæring, undervisning og vurdering er utarbeidd i regi av Europarådets avdeling for moderne språk. Rammeverket er eit resultat av forskning og pedagogisk erfaring innanfor dette fagfeltet gjennom dei siste åra. Det beskriv og definerer ulike språknivå, og beskrivinga viser kva for kunnskapar og ferdigheiter som er nødvendige på desse nivåa.

I samsvar med læringssynet som vert uttrykt i rammeverket, er det eit vilkår at opplæringa skal ta utgangspunkt i dei personlege føresetnadene, den sosiale bakgrunnen og den lokale tilknytninga som deltakarane har. Ho skal også tilpassast føresetnadene og behova for opplæring hos den enkelte. Målet for opplæringa er å bidra til å gi menneske i vaksen alder tilgang til kunnskap, innsikt og ferdigheiter. Dette skal fremje verdiorienteringa og den personlege utviklinga hos den enkelte og styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

Læreplanen for norsk og samfunnskunnskap beskriv den språkopplæringa som dannar grunnlag for vidare skolegang, utdanning og yrkesliv. Vaksne har, på visse vilkår, rett til opplæring på området grunnskole og vidaregåande skole. Retten gjeld alle vaksne, også vaksne innvandrarak.

Utforminga av planen, som er utradisjonell samanlikna med læreplanverket elles, grunngir ein med at målgruppa er svært forskjellig. Det er derfor nødvendig for læraren å ha både ei heilskapleg oversikt over dei tre spora som er beskrivne, og ei meir detaljert framstilling av dei.

Samfunnskunnskap

Grunnlaget for denne planen er at demokratiet ligg som fundament for all verksemd i samfunnet vårt. Rettane og pliktene til individet vert balanserte mot dei krav og plikter samfunnet stiller den enkelte overfor. Utvalet av emne som er tekne med i planen, skal illustrere det. Emna kjem ikkje i prioritert rekkjefølgje, med unnatak av emne I, ”Innvandrar i Noreg”, som gjeld den første tida i Noreg og rettar og plikter som den enkelte har. Derfor fell det naturleg at dette emnet vert gjennomgått først og dannar grunnlag for arbeidet med dei andre emna.

Kunnskapar og ferdigheiter i språk og kjennskap til samfunnsforhold er viktige føresetnader for å kunne delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv og i fellesskapet generelt. For å fremje integreringsprosessen får innvandrara og flyktningar opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Opplæringa i samfunnskunnskap skal ein gi på eit språk dei forstår, men ho er også ein integrert del av norskopplæringa og skal gå føre seg gjennom heile opplæringstida.

Opplæringa i samfunnskunnskap på eit språk deltakarane forstår, må vere pedagogisk tilrettelagd på same måten som norskopplæringa, og må tilpassast dei ulike deltakargruppene og dei føresetnader, behov og ønske deltakarane har. Den pedagogiske tilrettelegginga inneber ikkje berre formidling, men også dialog og arbeid med stoffet. Deltakargruppene består av menneske med ulik utdanning og ulik kulturbakgrunn, og dette krev ulike arbeidsmåtar. Deltakarane har eigne ønske og behov, og det vil verke inn på det ein vel å leggje vekt på innanfor dei enkelte emna. Det er viktig å tilpasse formidlingsforma til føresetnadene i målgruppa.

For alle deltakarar er det viktig at opplæringa i samfunnskunnskap omfattar møte med institusjonar, arbeidsplassar og personar, og at undervisninga vert forankra lokalt og knytt til behova hos deltakarane.

I samfunnskunnskap og i utvalet av emne tek ein utgangspunkt i at informasjonsbehovet er tosidig: Det norske samfunnet vil gi informasjon om noko, og den som kjem til Noreg, ønskjer informasjon.

I planen er det sett opp sju obligatoriske emne, men omfanget av dei enkelte emna vert bestemt av føresetnader, ønske og behov hos deltakarane.

Emne i 50 timar samfunnskunnskap

- Innvandrar i Noreg
- Demokrati, velferd og verdjar
- Helse
- Skole, utdanning og kvalifisering
- Arbeid, arbeidsliv og arbeidsmarknad
- Barn og familie
- Befolkningsstruktur og naturforhold

Enkelte tema er ikkje eigne emne, men vert tekne opp med somme deltakargrupper der det fell naturleg under punkta ovanfor. Det gjeld

- kvinner sine rettar
- kjønnslemlesting
- arrangerte ekteskap og tvangsekteskap

Informasjonssøking, som handlar om kor og korleis deltakarane kan finne informasjon relatert til eigne behov, skal integrerast i alle emna.

Samfunnskunnskap som strekkjer seg utover dei 50 timane obligatorisk opplæring, er integrert i den målstyrte planen for opplæring i norsk.

I alle emna i samfunnskunnskap skal kunnskap om norsk kultur i vid forstand integrerast. Med tanke på at Noreg har vorte eit fleirkulturelt samfunn, er det viktig å ta opp spørsmål som viser at ulike samfunn byggjer på ulike verdjar.

Emne 1 Innvandrar i Noreg

Emnet tek opp kor viktig det er for innvandraren å lære norsk for å kunne delta aktivt i det norske samfunnet, og for å kunne tryggje rettane sine og verte medviten om pliktene sine i Noreg.

Emne 2 Demokrati, velferd og verdjar

Emnet tek opp demokratiet i Noreg og dei verdiane som ligg til grunn for demokratioppfatninga og den norske lovgivinga. Det gjeld for eksempel dei rettane og pliktene enkeltindividet har, likestilling, yringsfridom og religionsfridom. Det vert gitt ei innføring i den kristne og humanistiske kulturarven som ligg til grunn for det norske samfunnet. Emnet tek også opp offentlege velferdsordningar – helse-, trygde- og sosialstøtteordningar – og ansvarsfordelinga mellom individ og samfunn.

Emne 3 Helse

Emnet omfattar korleis det norske helsevesenet fungerer, og korleis ein kan få tilgang til dei tenestene ein treng, for eksempel ordninga med fastlege, helsestasjonar for barn, skolelege og tannlege. Emnet skal også kaste lys over korleis kosthald og fysisk aktivitet verkar inn på helsetilstanden. Røyking og inntak av for eksempel sukker i relasjon til nye folkesjukdommar som diabetes og overvekt kan vere ei aktuell problemstilling. Under dette emnet bør ein ta opp kjønnslemlesting der det er naturleg og nødvendig.

Emne 4 Skole, utdanning og kvalifisering

Emnet omfattar det norske utdanningssystemet, samarbeid mellom heim og skole, etter- og vidareutdanning, kvalifiseringsmåtar og godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning.

Emne 5 Arbeid, arbeidsliv og arbeidsmarknad

Emnet tek opp korleis ein går fram på den norske arbeidsmarknaden, og kva for aktørar ein bør ta kontakt med. Utgangspunktet for arbeidet med temaet må vere dei arbeidsønska deltakarane har, og deira arbeidskompetanse og moglegheiter i Noreg. Det er viktig å rette merksemda mot moglege jobbar, arbeidssøking, lønns- og arbeidsvilkår, forventningar hos arbeidsgivarar og utsikter til å opprette eiga verksemd.

Emne 6 Barn og familie

Emnet tek opp familien i Noreg. Deltakarane får kjennskap til kva ein ventar av foreldre, og kva samfunnet yter overfor dei. Emnet tek opp familiemønster, kjønnsroller, samlivsformer, barn sine rettar, barneoppseding og fasar i livet. Andre viktige emne er bustad- og buformer.

Emne 7 Befolkningsstruktur og naturforhold

Emnet omfattar kor og korleis folk i Noreg bur og lever, nyare inn- og utvandring, norsk geografi, klima og naturforhold.

Norskopplæring

Eit overordna mål for opplæringa i norsk for vaksne innvandrarar er at kursdeltakarane skal kunne nå eit visst ferdigheitsnivå i norsk. Ut frå dette nivået skal dei vere i stand til å bruke eller bygge vidare på den kompetansen dei allereie har – i utdanning, arbeid og samfunnslivet elles. Det må i alle tilfelle skje innanfor dei fastlagde rammene. Utover dei 300 timane vert den grunnleggjande, offentleg finansierte opplæringa i norsk med samfunnskunnskap avgrensa av nivået B1 (svarer til nivået i norskprøve 3). Nokre få vil nå dette nivået etter 300 timar, andre må bruke inntil 3000 timar.

Strukturen i læreplanen

Tre spor

Læreplanen legg til grunn, ut frå erfaringar, at deltakarane på norskkurs deler seg i tre hovudgrupper i språkinnlæringa. Ei slik inndeling gjer det mogleg å gi deltakarane ei så godt tilpassa opplæring som råd er, ettersom ho tilpassar seg behova til deltakarane. Opplæringa i dei ulike spora tek utgangspunkt i føresetnadene til deltakarane og måla for opplæringa. Det vil seie at tempoet og progresjonen er ulik for dei tre spora. I tillegg vil arbeidsmåtene, læremidla og gruppestorleiken måtte variere. Deltakarane er ikkje bundne til å halde fram i same sporet gjennom heile opplæringstida. Dei kan skifte mellom spora dersom progresjonen er raskare eller langsamare enn det som viser seg å passe deltakaren.

Spor 1

Spor 1 er tilrettelagt for deltakarar med liten eller ingen skolegang. Deltakarane på spor 1 er ikkje vande med å bruke skrift som reiskap fordi dei ikkje har fått nok lese- og skriveopplæring på morsmålet. Dei er vande med å ta imot informasjon og lære gjennom munnleg språk, praktiske erfaringar og arbeid. Mangelen på skoleerfaring gjer at dei også må arbeide med å utvikle læringsstrategiar samtidig som dei tileignar seg norsk. Morsmålet deira er ein viktig reiskap når dei lærer det nye språket. Opplæringa har langsam progresjon. Målet for opplæringa for deltakarane på spor 1 er at dei skal få tilstrekkelege språkkunnskapar til å ta vidare opplæring eller gå ut i arbeidslivet.

Spor 2

Spor 2 er tilrettelagt for deltakarar som har ein del skolegang. Dei er vande med å bruke skriftspråket som reiskap for læring, men mange kan ha bakgrunn frå ein skoletradisjon der reproduksjon av kunnskapar står sentralt. Derfor må dei arbeide med å utvikle læringsstrategiar som er viktige i det norske skolesystemet, blant anna ansvar for eiga læring, og kritisk tilnærming til og refleksjon rundt lærestoffet. Mange har ein viss kompetanse i eit framandspråk, ei erfaring som er nyttig for å utvikle eit språkleg medvit som kan brukast i norskinnlæringa. Opplæringa har middels progresjon. Målet for opplæringa for deltakarane på spor 2 er at dei skal komme opp på eit språkleg nivå som gjer dei i stand til å gå over i grunnskolen eller vidaregåande opplæring eller ut i arbeidslivet.

Spor 3

Spor 3 er tilrettelagt for deltakarar som har god allmennutdanning. Somme har også fullført utdanning på høgskole- eller universitetsnivå. Deltakarane er vande med å tileigne seg kunnskap ved hjelp av skriftspråket, og mange har lært eitt eller fleire framandspråk. Mange har språkleg medvit, og dei nyttar effektive læringsstrategiar og arbeider sjølvstendig. Opplæringa har rask progresjon. For mange av deltakarane på spor 3 er målet å nå eit ferdigheitsnivå i norsk som gjer at dei kan halde fram på vidaregåande skole, ta høgare utdanning eller gå ut i ulike yrke. Kommunen har likevel berre plikt til å tilby gratis opplæring til nivå B1 med tilhøyrande norskprøve 3.

Dei deltakarar som kan nå nivå B på spor 3 innanfor ramma av 300 timar opplæring, skal få tilbod om det. Nivå B er det nivået som gir tilgang til høgskole og universitet. Deltakarane vil elles ikkje få tilbod om gratis prøve på dette nivået.

Truleg vil få deltakarar med rett til opplæring kunne nå nivå B (norsk på høgare nivå) gjennom dei 300 timane. Det er likevel ikkje noko i vege for at kommunen kan tilby opplæring opptil nivå B på spor 3. Kommunen har inga plikt, men kan dekkje opplæringa slik at ho vert gratis for deltakarane, eller krevje deltakaravgift for dei som ønskjer meir opplæring.

Fire språknivå

Språklege mål for opplæringa

Dei språklege måla for opplæringa er i denne læreplanen beskrivne på fire språknivå: nivå A1, nivå A2, nivå B1 og nivå B2, slik det er gjort greie for dei i rammeverket. Nivådefinisjonane er dei same for kvart spor.

Nivåa i rammeverket er sette opp som mål i læreplanen:

- globale mål
 - generell målbeskriving
- delmål for fem språkferdigheiter
 - beskriving som inneheld lister over kva for språkhandlingar deltakarane meistrar på dei ulike nivåa. Kvar av dei fem ferdigheitene lytte, lese, skrive, snakke og samtale er omtala spesifikt. Ein deltakar kan vere på ulike nivå i ulike ferdigheiter.
- kjenneteikn ved språket
 - beskriving av ordforråd og struktur i språket

Fire domene

Innhaldet i opplæringa er organisert i fire domene. Eit domene er nemninga på ein arena eller sosial samanheng for språkbruk. I læreplanen er språklæring knytt til det personlege domenet, det offentlege domenet, opplæringsdomenet og yrkeslivsdomenet. Det personlege domenet omfattar personlege forhold og familierelasjonar. Det offentlege domenet refererer til korleis og i kva omfang individet bruker og deltek i tilbod og tenester frå samfunnet si side, som kultur- og fritidstilbod og forholdet til media. Opplæringsdomenet omfattar det som har med utdanning og opplæring å gjere, og yrkeslivsdomenet handlar om aktivitetar, oppgåver og forhold knytte til arbeid utanfor heimen.

Kvart domene rommar mange emne. Oversikta over emna er ei rettleiing og må ikkje oppfattast som ei rigid ramme for opplæringa. Interesser og behov hos den enkelte gruppa vil påverke vektlegginga og valet av emne. Emne som vert behandla på lågare nivå, kjem tilbake på høgare nivå i ei stadig meir omfattande og utvida form. Utviklinga av emna går frå det nære og konkrete til det allmenne og meir abstrakte.

Etter nivå A1 er det mogleg å knyte norskopplæringa nærmare til yrkeslivsdomenet og/eller opplæringsdomenet. Vektlegginga kan gi høvesvis ei yrkestilknytt opplæring, ei utdanningsførebuande opplæring eller ei meir allment retta opplæring. Dette er viktig for å gjere norskopplæringa motiverande og nyttig for deltakarane.

Inntaksvurdering

Plassering på spor og nivå

I forkant av kurset er det nødvendig med ei inntaksvurdering. Det kan vere ein samtale, eventuelt med tolk eller med støtte av ein person som deltakaren har med som medhjelpar. I inntakssamtalen gir deltakaren opplysningar som er relevante for plasseringa på spor og på nivå. Det kan for eksempel vere

- utdanningsbakgrunn
- yrke
- arbeidserfaring
- framtidsplanar
- tidlegare norskopplæring
- kunnskapar i framandspråk

Inntaksprosessen kan også innebere ferdigheitstestar i morsmål, framandspråk og norsk. Slike testar gir eit bilete av føresetnadene som deltakaren har for å lære norsk. Det kan vere aktuelt å teste for eksempel

- kor raskt deltakaren les på morsmålet
- kor godt deltakaren skriv på morsmålet
- kor godt deltakaren kjenner det latinske alfabetet, og kor raskt han eller ho les det
- kor raskt deltakaren kan skrive av
- kor godt deltakaren kan norsk
- kor godt deltakaren kan framandspråk

Morsmålet kan vere viktig

Mange har eit morsmål som er språktypologisk fjernt frå norsk. For dei vert det meir arbeidskrevjande å lære norsk. Deltakarane vil derfor bruke ulik tid på å nå dei same måla. Jamvel deltakarar med god allmennutdanning, og med høgare utdanning eller eit akademisk yrke som mål, kan på grunn av morsmålet ha større utbytte av å få opplæring på spor 2 i staden for spor 3 i ein periode.

Behov for spesiell tilrettelegging

Det er også viktig å finne ut om deltakaren har spesielle behov som er viktige for tilrettelegginga av opplæringa.

Fleksibilitet

Opplæringa må organiserast fleksibelt og vere slik at deltakaren kan skifte spor undervegs i opplæringstida.

Individuell plan

Målet med norskopplæringa vil for dei fleste deltakarane vere arbeid eller vidare opplæring eller utdanning. Det skal utarbeidast ein individuell plan for den enkelte, jf. § 1 i introduksjonsloven. Planen skal utarbeidast i samarbeid med den enkelte og utformast på bakgrunn av kompetansen, føresetnadene, livssituasjonen og dei vidare planane deltakaren har for livet i Noreg. Han skal innehalde mål for opplæringa, tidsramma for å nå måla og talet på tildelte timar. Det må også komme klart fram kor og når opplæringa skal gå føre seg.

Yrkestilknytt norskopplæring

Ei yrkestilknytt opplæring kan kombinerast med arbeidspraksis eller kurs innanfor ein bestemt bransje eller ei bestemt næringsverksemd. Da må vekta leggjast på yrkeslivsdomenet, og dei språklege aktivitetane relaterast til det utan at ein innskrenkar opplæringa til å verte berre konkret opplæring i fagspråk. Vekta kan leggjast på yrkeslivsdomenet i kortare eller lengre periodar, og kan da fylle heile eller delar av kursdagen.

Skoleretta norskopplæring

For alle deltakarar som planlegg anten å fullføre eller å begynne på ei utdanning, er det naturleg å leggje vekt på opplæringsdomenet. Det gjeld alle utdanningsnivå, frå grunnskolen til utdanning ved høgskole og universitet. Dette inneber at opplæringa i større grad vert prega av tema i dette domenet, og at arbeidsmåtane i skolen, studieteknikk og fagterminologi står sentralt.

Vurdering og dokumentasjon

Den nasjonale dokumentasjonsordninga for norsk består av sentralt utarbeidde ferdigheitsprøver på tre nivå. I tillegg må læraren syte for å gi deltakarane kontinuerlege tilbakemeldingar om den språklege progresjonen hos den enkelte.

Ferdigheitsprøver

Det ligg føre tre sentralt utvikla prøver, ei for kvart av dei tre første nivåa som er beskrivne i læreplanen. Ei prøve er til bruk undervegs, først og fremst for deltakarar med langsam progresjon. To prøver er avsluttande og dokumenterer eit oppnådd språknivå.

Prøve undervegs:

- Norskprøve 1 for vaksne innvandrarar (nivå A1). Skal brukast diagnostisk for deltakarar med langsam progresjon (vert avvikla lokalt etter behov).

Avsluttande prøver:

- Norskprøve for vaksne innvandrarar (nivå A) – med prøvebevis
- Norskprøve 3 for vaksne innvandrarar (nivå B1) – med prøvebevis

Norskprøve 2 for vaksne innvandrarak (nivå A2) og norskprøve 3 for vaksne innvandrarak (nivå B1) vert utarbeidde sentralt og avvikla på fastsette datoar. For begge prøvene gjeld det at deltakarane melder seg opp til prøva når dei i samarbeid med læraren vurderer at nivået er nådd. Prøvene måler både munnlege og skriftlege ferdigheiter i samsvar med omtalen i planen. Den munnlege og skriftlege delen av norskprøvene kan takast kvar for seg. Deltakarane på spor I kan ta berre den munnlege delen av prøvene.

Tilbakemelding til deltakarane undervegs er ein nødvendig del av opplæringa. Det engasjerer og motiverer deltakarane og fremjar læringa. Som grunnlag for vurderinga kan læraren bruke deltakarsamtalar, observasjonar og prøver. Norskprøve I for vaksne innvandrarak (nivå A1), eksempel på norskprøve for vaksne innvandrarak (nivå A) og norskprøve 3 for vaksne innvandrarak (nivå B1) kan brukast som grunnlag for vurdering undervegs.

Mappevurdering

Mappevurdering kan gjerast på grunnlag av oppgåver og arbeid som deltakarane utfører som ledd i norskopplæringa. Mappa kan i tillegg innehalde dokumentasjon på kvalifikasjonar som deltakaren har, og dokumentasjon på deltaking i relevante aktivitetar. Det kan vere ekskursjonar, arbeidspraksis og skjema for eigenvurdering. Mappa er både eit metodisk verktøy og ei vurdering undervegs som dokumenterer kor langt deltakaren er kommen i norskopplæringa.

Evaluering frå deltakarane

For å auke ansvaret for og medvitet om eiga læring hos deltakarane er det viktig å leggje til rette for at dei får evaluere læringsprosessen, kva som støttar han og driv han framover, og kva som eventuelt har mindre læringsverdi.

Lærarkompetanse

Lærarak som skal undervise etter læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, bør ha faget norsk som andrespråk eller annan migrasjonspedagogisk kompetanse. Lærarak som skal undervise deltakarar som ikkje kan lese og skrive, bør også ha kompetanse i lese- og skriveopplæring.

Den som skal undervise i samfunnskunnskap, skal som hovudregel ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Undervisninga i samfunnskunnskap skal gå føre seg på eit språk deltakaren forstår godt, ikkje nødvendigvis på morsmålet. Tospråklege lærarak bør brukast dersom det er mogleg. Andre innvandrarak med tospråkleg kompetanse og god innsikt i norske samfunnsforhold kan setjast inn dersom dei får nødvendig pedagogisk opplæring, og dersom det kan skje i samarbeid med opplæringsstaden.

Spor I

Tilrettelagt for deltakarar med liten eller ingen skolegang

Deltakarane på spor I er uvande med å bruke skrift som reiskap fordi dei ikkje har fått nok lese- og skriveopplæring på morsmålet. Dei er vande til å få informasjon og lære gjennom munnleg språk, praktiske erfaringar og arbeid. Mangelen på skoleerfaring gjer at dei også må arbeide med å utvikle strategiar for læring, samtidig som dei tileignar seg norsk. Morsmålet deira er ein viktig reiskap i tileigninga av det nye språket. Opplæringa har langsam progresjon. Målet for opplæringa for deltakarane på spor I er at dei skal få tilstrekkelege språkkunnskapar til å begynne på ei opplæring eller til å gå ut i arbeidslivet.

Mål

Opplæringa på spor I har mål for både språkferdigheit og grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Progresjonen mot måla for høvesvis skriftlege og munnlege ferdigheiter, slik dei er utforma for dei ulike nivåa i fagplanen, går ikkje parallelt. Opplæringa i munnlege språklege ferdigheiter kan i den første fasen ikkje basere seg på støtte i skriftspråket. For dei fleste vil det vere naturleg at målet for munnlege ferdigheiter ligg på eit høgare nivå enn målet for skriftlege ferdigheiter.

For å lære å skrive og lese på eit språk krevst det at deltakarane har eit munnleg grunnlag på dette språket. Når avkodingsprosessen skal lærast, må deltakarane kunne kjenne att lydane i språket. For å forstå budskapet i tekstar må deltakarane ha både eit visst ordforråd og sosiale og kulturelle erfaringar. Utan dette munnlege grunnlaget vil leseopplæringa vere av liten verdi fordi lesinga ikkje vert funksjonell. Det er derfor nødvendig å arbeide mykje med det munnlege språket før den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa tek til, og det er nødvendig å halde fram med å øve på det munnlege språket parallelt med at deltakarane lærer å lese.

Måldefinisjonen er derfor noko annleis for spor I enn for dei to andre spora.

Eit realistisk mål for spor I er å nå nivå B1 for munnleg ferdigheit og nivå A for skriftleg ferdigheit.

Grunnleggjande lese- og skriveopplæring

Før deltakarane kan nå måla i dei skriftlege ferdigheitene, slik dei er uttrykte i beskrivinga av nivåa, må dei få grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Denne opplæringa kan gå føre seg både på norsk og på morsmålet. Opplæringa må gjennomførast systematisk i eit tempo og med ein progresjon som er tilpassa den enkelte deltakaren.

Somme treng lang tid på å knekkje lesekode, og dei treng mykje eksplisitt trening i lydering. Andre oppdagar systemet ganske snart og meir eller mindre av seg sjølve. Desse deltakarane treng mykje lesetrening, slik at dei automatiserer ferdigheitene. Og alle vil ha stort behov for å øve på å lese og forstå innhaldet i ulike typar tekstar.

Når læraren skal velje lesestoff i opplæringa, er det viktig at stoffet speglar behova og interessene hos deltakarane. Tidleg i opplæringa er det mogleg å gripe fatt i autentisk materiell, for eksempel reklame, skilt og korte informasjonstekstar, slik at lesinga ikkje berre vert noko som høyrer leseboka og skolen til. Det same gjeld val av skriveoppgåver. Da er det også naturleg å komme inn på teksttypar som deltakarane kan bruke utanfor skolen. Det kan for eksempel vere å skrive lister, fylle ut skjema, skrive enkle beskjeder, notere enkelt og skrive korte brev eller e-postar.

Deltakarane må sjølve få vere med og setje opp mål for skrive- og leseopplæringa, slik at ho kjennest nyttig for dei. Dette kan påverke motivasjonen. Seinare vil dei kanskje justere og utvide måla sine, fordi dei oppdagar at skriftkompetansen kan vere til både nytte og glede. Målet for somme kan vere å oppnå grunnleggjande lese- og skriveferdigheit, det vil seie å kunne skrive og lese enkel skrift som dei har bruk for i dagleglivet. For andre kan det vere å meistre skriftleg framstilling betre, slik at dette kan brukast som reiskap til å lære. Somme vil berre nå nivå A1 i skriftleg ferdigheit, mens andre utviklar dei skriftlege ferdigheitene vidare.

Mål

Mål for den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa

Skrive

- Kan skrive eige namn, adresse og tal som ordbilete
- Kan skrive hugselister, for eksempel handlelister og ordlister
- Kan skrive enkle tekstar om gjeremål på skolen og i heimen, saman med læraren eller andre deltakarar

Lese

- Kan kjenne att frekvente ord som ordbilete, for eksempel namn, tal og skilt
- Kan identifisere bokstavane i alfabetet
- Kan knyte bokstavane saman til lydar
- Kan trekkje lydane saman til ord og korte setningar
- Kan lese med delvis automatiserte ferdigheiter
- Kan lese enkle tekstar med kjent innhald i seint tempo

Nivå A1

Mål

Globale mål

- Kan forstå og bruke kjende, daglegdagse uttrykk om konkrete og heilt grunnleggjande behov
- Kan presentere seg sjølv og andre, og svare på og stille spørsmål om personlege forhold, som kor ein bur, folk ein kjenner, og ting ein har
- Kan samtale på ein enkel måte når konteksten gir støtte, og dersom samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og er innstilt på å hjelpe til

Delmål

Lytte

- Kan kjenne att kjende ord og heilt enkle frasar som har med eigen person og familie og dei nærmaste konkrete omgivnadene å gjere, når det vert snakka seint og tydeleg og med lange pausar
- Kan forstå spørsmål og korte instruksjonar og følgje heilt enkle rettleiingar når det vert snakka seint og tydeleg
- Kan forstå tal, og uttrykk for mengd, prisar og tid
- Kan forstå daglegdagse uttrykk, spørsmål og beskjeder direkte til ein sjølv dersom det vert snakka seint og tydeleg

Lese

- Kan forstå kjende namn, ord og svært enkle setningar, for eksempel i beskjeder, på oppslag, i katalogar og i korte, enkle tekstar, dersom ein les teksten fleire gonger, og teksten er knytt til kjende, daglegdagse situasjonar
- Kan forstå hovudideen i enklare informasjonstekstar og beskrivingar, spesielt dersom dei inneheld bilete som verkar forklarande
- Kan følgje korte, enkle instruksjonar og rettleiingar, spesielt dersom dei inneheld bilete

Snakke

- Kan bruke enkle frasar og setningar for å presentere seg sjølv og personar ein kjenner
- Kan bruke enkeltståande setningar for å fortelje om menneske og stader
- Kan komme med korte, innøvde ytringar som passar i ein bestemt situasjon

Skrive

- Kan skrive ord, enkle frasar og setningar om seg sjølv og andre, om kor ein bur, og kva ein gjer
- Kan skrive korte, enkle helsingar og invitasjonar ved å bruke enkeltståande setningar og faste frasar
- Kan skrive enkle beskjeder til personar ein kjenner
- Kan fylle ut skjema med personlege opplysningar, for eksempel namn, adresse og nasjonalitet
- Kan binde saman ord og frasar med enkle bindeord, for eksempel og

Samtale

- Kan samtale på ein enkel måte når samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og hjelper til, for eksempel ved å omformulere og ta opp att
- Kan presentere seg sjølv og andre og bruke enkle, vanlege helsingasfrasar
- Kan svare på og stille enkle spørsmål om personlege forhold, umiddelbare behov og emne ein kjenner godt

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker eit heilt enkelt, grunnleggjande ordforråd og enkle frasar knytte til personlege forhold og konkrete omgivnader

Grammatikk: Har avgrensa kontroll med nokre få innøvde grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Produserer korte ytringar, hovudsakleg formular, flytande, men bruker elles mykje tid for å finne ord og uttrykk

Samtale: Kommunikasjonen er heilt avhengig av omformuleringar, oppattak og reparasjonar

Samanheng: Bind saman ord og ordgrupper ved enkel sidestilling og bruk av bindeord som og

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Eigen person og familie • Daglege rutinar • Mat, klede, bustad og helse • Familiehendingar • Fritidsaktivitetar • Tid, tal og talbehandling | <ul style="list-style-type: none"> • Transport i lokalmiljøet • Vêr og årstider • Relevante institusjonar (barnehage, skole, bank, post) • Noregskartet | <ul style="list-style-type: none"> • Norskkurs og skolekvardag • Tidlegare utdanning og utdanningsønske i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Yrke deltakarane møter i dagleglivet • Arbeidserfaring • Ønske om arbeid i Noreg |

Nivå A2

Mål

Globale mål

- Kan forstå ytringar og vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante (dvs. grunnleggjande informasjon om eigen person og familie, innkjøp, nære omgivnader og arbeid)
- Kan fortelje på ein enkel måte om eigen bakgrunn, nære omgivnader og ting som har med umiddelbare behov å gjere
- Kan samtale om enkle gjeremål og daglege rutinar når konteksten gir støtte

Delmål

Lytte

- Kan forstå ytringar og heilt vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante, for eksempel i butikkar og på transportmiddel
- Kan identifisere temaet i samtalar, dersom det vert snakka seint og tydeleg
- Kan oppfatte hovudbodskapen i klare og enkle beskjeder og meldingar
- Kan forstå nok til å følgje enkle tilvisingar til stader
- Kan oppfatte hovudpunkt i tv-nyheiter med støtte i det visuelle
- Kan vanlegvis forstå moderert talespråk når samtalen gjeld kjende emne, men må av og til be andre ta opp att det dei seier

Lese

- Kan lese og forstå svært korte, enkle tekstar med frekvente ord og daglegdags språk
- Kan skumlese ein tekst og finne bestemt informasjon i vanleg informasjonsmateriell, for eksempel reklame, annonsar, brosjyrar, menyar og rutetabellar
- Kan finne bestemt informasjon i enkelt skriftleg materiell, for eksempel brev, brosjyrar og enkle, korte avistekstar
- Kan lese og forstå korte, enkle personlege brev
- Kan forstå korte, enkle tekstar knytte til eige arbeid
- Kan forstå enkle bruksretteleingar
- Kan forstå vanlege skilt og oppslag

Snakke

- Kan bruke ei rekkje frasar og setningar for å presentere og beskrive egne og andres bustadforhold, tidlegare og noverande utdanning og eventuelt eige arbeid

- Kan fortelje om menneske, stader og egedelar på ein enkel måte
- Kan gi att ei hending eller innhaldet i ein svært kort tekst for lyttarar som er innstilte på å konsentrere seg
- Kan gi ein kort, innøvd presentasjon av eit kjent emne

Skrive

- Kan skrive korte, enkle beskjeder og meldingar, for eksempel om fråvær
- Kan skrive svært enkle personlege brev, for eksempel takkebrev
- Kan skrive enkelt om familie, bustadforhold, utdanning og yrke
- Kan fortelje ei historie eller beskrive personlege opplevingar og aktivitetar som ei liste av enkle frasar og setningar
- Kan binde grupper av ord saman med bindeorda **og**, **men** og **fordi**

Samtale

- Kan utveksle direkte og enkel informasjon om personlege forhold og kjende emne, og forstå det som vert sagt i enkle, daglegdags samtalar, dersom det vert snakka seint og tydeleg
- Kan utveksle korte sosiale frasar og bruke vanlege former for helsingar og tiltale
- Kan komme med invitasjonar, forslag og unnskyldningar og svare på dei
- Kan seie kva ein liker og ikkje liker
- Kan diskutere praktiske gjeremål på ein enkel måte nokon snakkar direkte til ein, og snakkar seint og tydeleg
- Kan gjere avtalar og diskutere kva ein skal gjere, og kor ein skal gå
- Kan gjere andre merksame på noko og indikere om ein forstår
- Kan med støtte halde fram under ein samtale

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker grunnleggjande setningsmønster og innøvd frasar i enkle og daglegdags situasjonar

Grammatikk: Har ein viss kontroll over enkle grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Gjer seg forstått ved å bruke korte ytringar, sjølv om det vert mange pausar og omformuleringar

Samtale: Svarer på spørsmål og indikerer når ein forstår, og kan med støtte halde fram i ein samtale

Samanheng: Bind saman ordgrupper ved hjelp av enkle bindeord som **og**, **men** og **fordi**

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Familie og bustadformer • Personleg økonomi • Kropp, helse og kosthald • Religion, tradisjonar, skikk og bruk • Fritid | <ul style="list-style-type: none"> • Foreldre (samarbeid heim-skole) • Høgtider og feiringar • Noreg i store trekk: tal, geografi, kommunikasjon og klima • Institusjonar (f.eks. bibliotek) • Kulturtilbod i lokalmiljøet | <ul style="list-style-type: none"> • Undervisningskvardagen, skolefag og arbeidsmåtar • Tidlegare utdanning og vidare utdanningsvegar i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Tidlegare yrke og yrkesønske i Noreg • Jobbsøking og CV • Arbeidsmarknad |

Nivå B I

Mål

Globale mål

- Kan forstå hovudpunkta i informasjon som vert formidla på ein klar og enkel måte, og som er relatert til kjende emne frå arbeid, skole, heim og fritid
- Kan gi ei enkel, samanhengande framstilling av kjende emne og emne av personleg interesse. Kan fortelje om opplevingar, håp og planar, og kort grunngi og forklare egne meiningar
- Kan delta utan å vere førebudd i samtalar i dei fleste situasjonar ein møter i arbeid, skole, heim og fritid

Delmål

Lytte

- Kan forstå hovudpunkta i klar, moderert tale om emne ein kjenner frå skole, arbeid, heim og fritid
- Kan forstå hovudpoenga i mange radio- og tv-program og enklare lydopptak om aktuelle saker eller tema av personleg eller fagleg interesse, når dei vert framstilte relativt seint og tydeleg
- Kan forstå hovudinnhaldet og spesifikke detaljar i enkel fakta-informasjon
- Kan følgje hovudpunkta i samtalar som går føre seg rundt ein, når samtalanane går seint, og det vert snakka tydeleg i eit moderert talespråk
- Kan følgje med i ei framstilling om eit kjent emne, for eksempel i ein skoletime, når det vert snakka klart og strukturert
- Kan forstå detaljerte rettleiingar
- Kan slutte seg til kva ukjende ord tyder ut frå samanhengen, og meininga i ytringar der det finst ukjende ord
- Kan følgje med i mange filmar med norsk tale, med støtte i handlinga og det visuelle
- Kan forstå ein del vanlege dialektuttrykk frå lokalt miljø

Snakke

- Kan binde saman frasar på ein enkel måte for å beskrive egne erfaringar, opplevingar, draumar, håp og planar
- Kan gi att handlinga i ei bok eller ein film
- Kan fortelje ei historie

- Kan beskrive detaljar
- Kan beskrive kjensler og reaksjonar
- Kan kort grunngi og forklare meiningar, handlingar og planar
- Kan halde korte, innøvde innlegg om kjende emne

Samtale

- Kan klare seg i dei fleste samtalar i dagleglivet
- Kan delta utan å førebu seg i samtalar om kjende eller daglegdagse emne og emne av personleg interesse
- Kan delta i ein enkel og godt strukturert formell debatt og utveksle faktisk informasjon knytt til eit kjent emne
- Kan uttrykkje meiningar og utveksle informasjon om kjende emne og emne av personleg interesse
- Kan uttrykkje synspunkt, meiningar, semje eller usemje på ein høfleg måte
- Kan etablere kontakt, bruke helsingfrasar, halde fram i og avslutte ein samtale
- Kan trekkje samtalepartnaren med i samtalen
- Kan spørje om oppklaringar
- Kan be om stadfesting av og hjelp til rett bruk av språklege uttrykk
- Kan ta opp att kommunikasjonen når samtalen stoppar opp
- Kan gi uttrykk for felles forståing

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Har godt nok språk og stort nok ordforråd til å kunne uttrykkje seg med ein del omskrivingar og pausar om emne som familie, fritid, arbeid og aktuelle hendingar

Grammatikk: Har eit forråd av frekvent brukte mønster som vert nytta tilnærma korrekt

Flyt: Leitar heilt tydeleg etter ord og korrekte former og reparasjonar i fri produksjon, men dette gjer det sjeldan vanskelegare å forstå

Samtale: Kan begynne, halde fram i og avslutte ein samtale om kjende emne og emne av personleg interesse, og kan gi uttrykk for felles forståing

Samanheng: Bind saman fleire kortare element til ein samanhengande lineær sekvens

Innhald

| Domene | | | |
|---|--|--|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Familierelasjonar (eldreomsorg, barneoppseding, kjønnsroller) • Bustadforhold og bumiljø | <ul style="list-style-type: none"> • Grunnleggjande verdiar: likestilling, ytringsfridom, trusfridom • Velferdssamfunnet: rettar og plikter (helsevesenet) • Media og massekommunikasjon • Noreg før og no: frå bonde-samfunn til moderne samfunn, utvandring og innvandring | <ul style="list-style-type: none"> • Fagterminologi i aktuelle skolefag • Skolesystemet i Noreg • Vaksenopplæring og etterutdanningsvegar i Noreg (livslang læring) | <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsplassar og utvegar til jobb i Noreg • Jobbsøkingmetodar, CV, intervju, søknad • Arbeidsmiljø, lønn, rettar og plikter, fagforeining |

Spor 2

Tilrettelagt for deltakarar som har ein del skolegang

Deltakarane i spor 2 er vande med å bruke skriftspråket som reiskap for læring, men mange har bakgrunn frå ein skoletradisjon der reproduksjon av kunnskapar står sentralt. Derfor må dei arbeide med å utvikle læringsstrategiar som er viktige i det norske skolesystemet, blant anna ansvar for eiga læring, og kritisk tilnærming til og refleksjon over lærestoffet. Mange har ein del kompetanse i eit framandspråk, ei erfaring som er nyttig for å utvikle språkleg medvit som kan brukast i norskinnlæringa. Opplæringa har middels progresjon. Målet for opplæringa for deltakarane på spor 2 er å komme opp på eit slikt språkleg nivå at dei kan fullføre grunnskolen, begynne i vidaregåande opplæring eller gå ut i arbeidslivet.

Avhengig av om målet for opplæringa er å gå ut i arbeidslivet eller vidare skolegang, kan opplæringa leggje vekt på anten yrkeslivsdomenet eller opplæringsdomenet.

Nivå A1

Mål

Globale mål

- Kan forstå og bruke kjende, daglegdagse uttrykk om konkrete og heilt grunnleggjande behov
- Kan presentere seg sjølv og andre, og svare på og stille spørsmål om personlege forhold, som kor ein bur, folk ein kjenner, og ting ein har
- Kan samtale på ein enkel måte når konteksten gir støtte, og dersom samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og er innstilt på å vere til støtte

Delmål

Lytte

- Kan kjenne att kjende ord og heilt enkle frasar som har med eigen person og familie og dei nærmaste konkrete omgivnadene å gjere, når det vert snakka seint og tydeleg og med lange pausar
- Kan forstå spørsmål og korte instruksjonar og følgje heilt enkle rettleiingar når det vert snakka seint og tydeleg
- Kan forstå tal, uttrykk for mengder, prisar og tid
- Kan forstå daglegdagse uttrykk, spørsmål og beskjeder direkte til ein sjølv dersom det vert snakka seint og tydeleg

Lese

- Kan forstå kjende namn, ord og svært enkle setningar, for eksempel i beskjeder, på oppslag, i katalogar og i korte, enkle tekstar, dersom ein les teksten fleire gonger, og teksten er knytt til kjende, daglegdagse situasjonar
- Kan forstå hovudideen i enklare informasjonstekstar og beskrivingar, spesielt dersom dei inneheld bilete som forklarar
- Kan følgje korte, enkle instruksjonar og rettleiingar, spesielt dersom dei inneheld bilete

Snakke

- Kan bruke enkle frasar og setningar for å presentere seg sjølv og personar ein kjenner
- Kan bruke enkeltståande setningar for å fortelje om menneske og stader
- Kan komme med korte innøvde ytringar som passar i ein bestemt situasjon

Skrive

- Kan skrive ord, enkle frasar og setningar om seg sjølv og andre, om kor ein bur, og kva ein gjer
- Kan skrive korte, enkle helsingar og invitasjonar ved å bruke enkeltståande setningar og faste frasar
- Kan skrive enkle beskjeder til personar ein kjenner
- Kan fyller ut skjema med personlege opplysningar, for eksempel namn, adresse og nasjonalitet
- Kan binde saman ord og frasar med enkle samanbindingsord, for eksempel **og**

Samtale

- Kan samtale på ein enkel måte, når samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og hjelper til, for eksempel ved å omformulere og ta opp att
- Kan presentere seg sjølv og andre og bruke enkle, vanlege helsingfrasar
- Kan svare på og stille enkle spørsmål om personlege forhold, umiddelbare behov og emne ein kjenner godt

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker eit heilt enkelt, grunnleggjande ordforråd og enkle frasar knytte til personlege forhold og konkrete omgivnader

Grammatikk: Har ein viss kontroll over nokre få innøvde grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Produserer korte ytringar, hovudsakleg formular, flytande, men bruker elles mykje tid på å finne ord og uttrykk

Samtale: Kommunikasjonen er heilt avhengig av omformuleringar, oppattak og reparasjonar

Samanheng: Bind saman ord og ordgrupper ved enkel sidestilling og bruk av bindeord som **og**

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Eigen person og familie • Daglege rutinar • Mat, klede, bustad og helse • Familiehendingar • Fritidsaktivitetar • Tid, tal og talbehandling | <ul style="list-style-type: none"> • Transport i lokalmiljøet • Vêr og årstider • Relevante institusjonar (barnehage, skole, bank, post) • Noregskartet | <ul style="list-style-type: none"> • Norskkurs og skolekvardag • Tidlegare utdanning og utdanningsønske i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Yrke deltakarane ser i dagleglivet • Arbeidserfaring • Ønske om arbeid i Noreg |

Nivå A2

Mål

Globale mål

- Kan forstå ytringar og vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante (dvs. grunnleggjande informasjon om eigen person og familie, innkjøp, nære omgivnader og arbeid)
- Kan fortelje på ein enkel måte om eigen bakgrunn, nære omgivnader og ting som har med dei umiddelbare behova å gjere
- Kan samtale om enkle gjeremål og daglege rutinar når konteksten gir støtte

Delmål

Lytte

- Kan forstå ytringar og heilt vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante, for eksempel i butikkar og på transportmiddel
- Kan identifisere temaet i samtalar, dersom det vert snakka seint og tydeleg
- Kan oppfatte hovudbodskapen i klare og enkle beskjeder og meldingar
- Kan forstå nok til å følgje enkle tilvisingar til stader
- Kan oppfatte hovudpunkt i tv-nyheiter med støtte i det visuelle
- Kan vanlegvis forstå moderert talespråk når samtalen gjeld kjende emne, men må av og til be andre ta opp att det dei seier

Lese

- Kan lese og forstå svært korte, enkle tekstar medfrekvente ord og daglegdags språk
- Kan skumlese ein tekst og finne bestemt informasjon i vanleg informasjonsmateriell, for eksempel reklame, annonsar, brosjyrar, menyar og rutetabellar
- Kan finne bestemt informasjon i enkelt skriftleg materiell, for eksempel brev, brosjyrar og enkle, korte avistekstar
- Kan lese og forstå korte og enkle personlege brev
- Kan forstå korte, enkle tekstar knytte til eige arbeid
- Kan forstå enkle bruksretteleingar
- Kan forstå vanlege skilt og oppslag

Snakke

- Kan bruke ei rekkje frasar og setningar for å presentere og beskrive egne og andres bustadforhold, tidlegare og noverande utdanning og eventuelt eige arbeid

- Kan fortelje om menneske, stader og egedelar på ein enkel måte
- Kan gi att ei hending eller innhaldet i ein svært kort tekst for lyttarar som er innstilte på å konsentrere seg
- Kan gi ein kort, innøvd presentasjon av eit kjent emne

Skrive

- Kan skrive korte, enkle beskjeder og meldingar, for eksempel om fråvær
- Kan skrive svært enkle personlege brev, for eksempel takkebrev
- Kan skrive enkelt om familie, bustadforhold, utdanning og yrke
- Kan fortelje ei historie eller beskrive personlege opplevingar og aktivitetar som ei liste av enkle frasar og setningar
- Kan binde grupper av ord saman med bindeorda **og**, **men** og **fordi**

Samtale

- Kan utveksle direkte og enkel informasjon om personlege forhold og kjende emne, og forstå det som vert sagt i enkle, daglegdagse samtalar, dersom det vert snakka tydeleg og seint
- Kan utveksle korte sosiale frasar og bruke vanlege former for helsingar og tiltale
- Kan komme med invitasjonar, forslag og unnskyldningar og svare på dei
- Kan seie kva ein liker og ikkje liker
- Kan diskutere praktiske gjeremål på ein enkel måte når nokon snakkar direkte til ein, og snakkar seint og tydeleg
- Kan gjere avtalar og diskutere kva ein skal gjere, og kor ein skal gå
- Kan gjere andre merksame på noko og indikere om ein forstår
- Kan halde fram i ein samtale med støtte

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker grunnleggjande setningsmønster og innøvd frasar i enkle og daglegdagse situasjonar

Grammatikk: Har ein viss kontroll med enkle grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Gjer seg forstått ved å bruke korte ytringar, sjølv om det vert mange pausar og omformuleringar

Samtale: Svarer på spørsmål og indikerer når ein forstår, og kan halde fram i ein samtale med støtte

Samanheng: Bind saman ordgrupper ved hjelp av enkle bindeord som **og**, **men** og **fordi**

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Familie og bustadformer • Personleg økonomi • Kropp, helse og kosthald • Religion, tradisjonar, skikk og bruk • Fritid | <ul style="list-style-type: none"> • Foreldre (samarbeid heim-skole) • Høgtider og feiringar • Noreg i store trekk: tal, geografi, kommunikasjon og klima • Institusjonar (f.eks. bibliotek) • Kulturtilbod i lokalmiljøet | <ul style="list-style-type: none"> • Undervisningskvardagen, skolefag og arbeidsmåtar • Tidlegare utdanning og vidare utdanningsvegar i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Tidlegare yrke og yrkesønske i Noreg • Jobbsøking og CV • Arbeidsmarknad |

Nivå B I

Mål

Globale mål

- Kan forstå hovudpunkta i informasjon som vert formidla på ein klar og enkel måte, og som er relatert til kjende emne frå arbeid, skole, heim og fritid
- Kan gi ei enkel, samanhengande framstilling av kjende emne og emne av personleg interesse. Kan fortelje om opplevingar, håp og planar, og kort grunngi og forklare egne meiningar
- Kan delta utan å førebu seg i samtalar i dei fleste situasjonar ein møter i arbeid, skole, heim og fritid

Delmål

Lytte

- Kan forstå hovudpunkta i klar, moderert tale om emne ein kjenner frå skole, arbeid, heim og fritid
- Kan forstå hovudpoenga i mange radio- og tv-program og enklare lydopptak om aktuelle saker eller tema av personleg eller fagleg interesse, når dei vert framstilte relativt seint og tydeleg
- Kan forstå hovudinnhaldet og spesifikke detaljar i enkel fakta-informasjon
- Kan følgje hovudpunkta i samtalar rundt ein, når samtalan går føre seg seint og det vert snakka tydeleg i eit moderert talespråk
- Kan følgje med i ei framstilling om eit kjent emne, for eksempel i ein skoletime, når det vert snakka klart og strukturert
- Kan forstå detaljerte rettleiingar
- Kan slutte seg til kva ukjende ord tyder ut frå samanhengen, og meininga i ytringar der det er ukjende ord
- Kan følgje med i mange filmar med norsk tale, med støtte i handlinga og det visuelle
- Kan forstå nokre vanlege dialektuttrykk frå lokalt miljø

Lese

- Kan forstå tekstar som er skrivne på eit direkte og klart språk, og der innhaldet er klart strukturert
- Kan forstå tekstar knytte til egne interesser og eigen jobb
- Kan forstå beskrivingar av hendingar, kjensler og ønske i personlege brev
- Kan finne og forstå relevant informasjon for eksempel i brev, brosjyrar og korte, offentlege brev og kunngjeringar
- Kan søkje etter og finne spesifikk informasjon i ein lengre eller fleire kortare tekstar
- Kan finne viktige hovudpunkt i avisartiklar om kjende emne eller hendingar
- Kan kjenne att hovudlinjene og hovudmeininga i ein saktekst
- Kan forstå bruksrettleiingar som er klart skrivne

Snakke

- Kan binde saman frasar på ein enkel måte for å beskrive egne erfaringar, opplevingar, draumar, håp og planar
- Kan gi att handlinga i ei bok eller ein film
- Kan fortelje ei historie
- Kan beskrive detaljar
- Kan beskrive kjensler og reaksjonar
- Kan kort grunngi og forklare meiningar, handlingar og planar
- Kan halde korte, innøvde innlegg om kjende emne

Skrive

- Kan skrive forståeleg, samanhengande tekst ved å binde enkle setningar saman i ein lineær sekvens
- Kan skrive enkel tekst med ein del detaljerte beskrivingar av kjende emne eller emne av personleg interesse
- Kan fortelje ei historie eller gi att handlinga i ein film eller ei bok
- Kan skrive enkle personlege brev
- Kan beskrive egne opplevingar, erfaringar, planar, draumar og håp
- Kan beskrive egne reaksjonar og synspunkt på opplevingar og erfaringar
- Kan kort forklare og grunngi meiningar og gjere greie for haldningar
- Kan skrive svært korte formelle tekstar med faktisk informasjon og grunngiving

Samtale

- Kan klare seg i dei fleste samtalar i dagleglivet
- Kan delta utan å førebu seg i samtalar om kjende eller daglegdagse emne og emne av personleg interesse
- Kan delta i ein enkel og godt strukturert formell debatt, med utveksling av faktisk informasjon knytt til eit kjent emne
- Kan uttrykkje meiningar og utveksle informasjon om kjende emne og emne av personleg interesse
- Kan uttrykkje synspunkt, meiningar, semje og usemje på ein høfleg måte
- Kan etablere kontakt, bruke helsingfrasar, halde fram i og avslutte ein samtale
- Kan trekkje samtalepartnaren med i samtalen
- Kan spørje om oppklaringar
- Kan be om stadfesting av og hjelp til rett bruk av språklege uttrykk
- Kan ta opp att kommunikasjonen når samtalen stoppar opp
- Kan gi uttrykk for felles forståing

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Har godt nok språk og stort nok ordforråd til å kunne uttrykkje seg med ein del omskrivingar og pausar om emne som familie, fritid, arbeid og aktuelle hendingar

Grammatikk: Har eit forråd av frekvent brukte mønster og bruker dei tilnærma korrekt

Flyt: Leitar heilt tydeleg etter ord og korrekte former og reparasjonar i fri produksjon, men dette gjer det sjeldan vanskelegare å forstå

Samtale: Kan begynne, halde fram i og avslutte ein samtale om kjende emne og emne av personleg interesse, og kan gi uttrykk for felles forståing

Samanheng: Bind saman fleire kortare element til ein samanhengande lineær sekvens

Innhald

| Domene | | | |
|--|--|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> Familiereasjonar (eldreomsorg, barneoppseding, kjønnsroller) Bustadforhold og bumiljø | <ul style="list-style-type: none"> Grunnleggjande verdiar: likestilling, yringsfridom, trusfridom Velferdssamfunnet: rettar og plikter (helsevesenet) Media og massekommunikasjon Noreg før og no: frå bondesamfunn til moderne samfunn, utvandring og innvandring | <ul style="list-style-type: none"> Fagterminologi i aktuelle skolefag Skolesystemet i Noreg Vaksenopplæring og etterutdanningsveggar i Noreg (livslang læring) | <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsplassar og utvegar til jobb i Noreg Jobbsøkingmetodar, CV, intervju, søknad Arbeidsmiljø, lønn, rettar og plikter, fagforeining |

Spor 3

Tilrettelagt for deltakarar som har god allmennutdanning

Deltakarane i spor 3 er vande med å lese seg til kunnskap og har lært eitt eller fleire framandspråk på skolen. Somme har også fullført utdanning på høgskole- eller universitetsnivå. Mange er språkleg medvitne, har effektive læringsstrategiar og arbeider sjølvstendig. Opplæringa har rask progresjon. Målet for deltakarane er ofte å nå eit ferdigheitsnivå i norsk som opnar for inntak til vidaregåande opplæring eller høgare utdanning, eller som gjer det mogleg å gå ut i ulike yrke.

Nivå A1

Mål

Globale mål

- Kan forstå og bruke kjende, daglegdagse uttrykk om konkrete og heilt grunnleggjande behov
- Kan presentere seg sjølv og andre, og svare på og stille spørsmål om personlege forhold, som kor ein bur, folk ein kjenner, og ting ein har
- Kan samtale på ein enkel måte når konteksten gir støtte, og dersom samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og er innstilt på å støtte

Delmål

Lytte

- Kan kjenne att kjende ord og heilt enkle frasar som har med eigen person og familie og dei nærmaste konkrete omgivnadene å gjere, når det vert snakka seint og tydeleg og med lange pausar
- Kan forstå spørsmål og korte instruksjonar og følgje heilt enkle rettleiingar når det vert snakka seint og tydeleg
- Kan forstå tal, og uttrykk for mengd, prisar og tid
- Kan forstå daglegdagse uttrykk, spørsmål og beskjeder direkte til ein sjølv dersom det vert snakka seint og tydeleg

Lese

- Kan forstå kjende namn, ord og svært enkle setningar, for eksempel i beskjeder, på oppslag, i katalogar og i korte, enkle tekstar, dersom ein les teksten fleire gonger, og teksten er knytt til kjende, daglegdagse situasjonar
- Kan forstå hovudideen i enklare informasjonstekstar og beskrivningar, spesielt dersom dei inneheld bilete som forklarar
- Kan følgje korte, enkle instruksjonar og tilvisingar, spesielt dersom dei inneheld bilete

Snakke

- Kan bruke enkle frasar og setningar for å presentere seg sjølv og personar ein kjenner
- Kan bruke enkeltståande setningar for å fortelje om menneske og stader
- Kan komme med korte, innøvde ytringar som passar i ein bestemt situasjon

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker eit heilt enkelt, grunnleggjande ordforråd og enkle frasar knytte til personlege forhold og konkrete omgivnader

Grammatikk: Har ein viss kontroll med nokre få innøvde grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Produserer korte ytringar, hovudsakleg formular, flytande, men bruker elles mykje tid på å finne ord og uttrykk

Samtale: Kommunikasjonen er heilt avhengig av omformuleringar, oppattak og reparasjonar

Sammenheng: Bind saman ord og ordgrupper med enkel sidestilling og bruk av bindeord som og

Skrive

- Kan skrive ord, enkle frasar og setningar om seg sjølv og andre, om kor ein bur, og kva ein gjer
- Kan skrive korte, enkle helsingar og invitasjonar ved å bruke enkeltståande setningar og faste frasar
- Kan skrive enkle beskjeder til personar ein kjenner
- Kan fylle ut skjema med personlege opplysningar, for eksempel namn, adresse og nasjonalitet
- Kan binde saman ord og frasar med enkle bindeord, for eksempel **og**

Samtale

- Kan samtale på ein enkel måte, når samtalepartnaren snakkar seint og tydeleg og er til støtte, for eksempel ved å omformulere og ta opp att
- Kan presentere seg sjølv og andre og bruke enkle, vanlege helsingfrasar
- Kan svare på og stille enkle spørsmål om personlege forhold, umiddelbare behov og emne ein kjenner godt

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Eigen person og familie • Daglege rutinar • Mat, klede, bustad og helse • Familiehendingar • Fritidsaktivitetar • Tid, tal og talbehandling | <ul style="list-style-type: none"> • Transport i lokalmiljøet • Vår og årstider • Relevante institusjonar (barnehage, skole, bank, post) • Noregskartet | <ul style="list-style-type: none"> • Norskkurs og skolekvardag • Tidlegare utdanning og utdanningsønske i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Yrke deltakarane møter i dagleglivet • Arbeidserfaring • Ønske om arbeid i Noreg |

Nivå A2

Mål

Globale mål

- Kan forstå ytringar og vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante (dvs. grunnleggjande informasjon om eigen person og familie, innkjøp, nære omgivnader og arbeid)
- Kan fortelje på ein enkel måte om eigen bakgrunn, nære omgivnader og ting som har med umiddelbare behov å gjere
- Kan samtale om enkle gjeremål og daglege rutinar når konteksten gir støtte

Delmål

Lytte

- Kan forstå ytringar og heilt vanlege uttrykk på eit enkelt og tydeleg språk relatert til område som er umiddelbart relevante, for eksempel i butikkar og på transportmiddel
- Kan identifisere temaet i samtalar, dersom det vert snakka seint og tydeleg
- Kan oppfatte hovudbodskapen i klare og enkle beskjeder og meldingar
- Kan forstå nok til å følgje enkle tilvisingar til stader
- Kan oppfatte hovudpunkt i tv-nyheiter med støtte i det visuelle
- Kan vanlegvis forstå moderert talespråk når samtalen gjeld kjende emne, men må av og til be andre ta opp att det dei seier

Lese

- Kan lese og forstå svært korte, enkle tekstar med frekvente ord og daglegdags språk
- Kan skumlese ein tekst og finne bestemt informasjon i vanleg informasjonsmateriell, for eksempel reklame, annonsar, brosjyrar, menyar og rutetabellar
- Kan finne bestemt informasjon i enkelt skriftleg materiell, for eksempel brev, brosjyrar og enkle, korte avistekstar
- Kan lese og forstå korte og enkle personlege brev
- Kan forstå korte, enkle tekstar knytte til eige arbeid
- Kan forstå enkle bruksretteleingar
- Kan forstå vanlege skilt og oppslag

Snakke

- Kan bruke ei rekkje frasar og setningar for å presentere og beskrive egne og andres bustadforhold, tidlegare og noverande utdanning og eventuelt eige arbeid

- Kan fortelje om menneske, stader og egedelar på ein enkel måte
- Kan gi att ei hending eller innhaldet i ein svært kort tekst for lyttarar som er innstilte på å konsentrere seg
- Kan gi ein kort, innøvd presentasjon av eit kjent emne

Skrive

- Kan skrive korte, enkle beskjeder og meldingar, for eksempel om fråvær
- Kan skrive svært enkle personlege brev, for eksempel takkebrev
- Kan skrive enkelt om familie, bustadforhold, utdanning og yrke
- Kan fortelje ei historie eller beskrive personlege opplevingar og aktivitetar som ei liste av enkle frasar og setningar
- Kan binde grupper av ord saman med bindeorda **og**, **men** og **fordi**

Samtale

- Kan utveksle direkte og enkel informasjon om personlege forhold og kjende emne, og forstå det som vert sagt i enkle, daglegdagse samtalar, dersom det vert snakka tydeleg og seint
- Kan utveksle korte sosiale frasar og bruke vanlege former for helsingar og tiltale
- Kan komme med invitasjonar, forslag og unnskyldningar og svare på dei
- Kan seie kva ein liker og ikkje liker
- Kan diskutere praktiske gjeremål på ein enkel måte når nokon snakkar direkte til ein, og snakkar seint og tydeleg
- Kan gjere avtalar og diskutere kva ein skal gjere, og kor ein skal gå
- Kan gjere andre merksame på noko og indikere om ein forstår
- Kan halde fram i ein samtale med støtte

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Bruker grunnleggjande setningsmønster og innøvd frasar i enkle og daglegdagse situasjonar

Grammatikk: Har ein viss kontroll med enkle grammatiske strukturar og setningsmønster

Flyt: Gjer seg forstått ved å bruke korte ytringar, sjølv om det vert mange pausar og omformuleringar

Samtale: Svarer på spørsmål og indikerer når ein forstår, og kan halde fram i ein samtale med støtte

Sammenheng: Bind saman ordgrupper ved hjelp av enkle bindeord som **og**, **men** og **fordi**

Innhald

| Domene | | | |
|--|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Familie og buformer • Personleg økonomi • Kropp, helse og kosthald • Religion, tradisjonar, skikk og bruk • Fritid | <ul style="list-style-type: none"> • Foreldre (samarbeid heim-skole) • Høgtider og feiringar • Noreg i store trekk: tal, geografi, kommunikasjon og klima • Institusjonar (f.eks. bibliotek) • Kulturtilbod i lokalmiljøet | <ul style="list-style-type: none"> • Undervisningskvardagen, skolefag og arbeidsmåtar • Tidlegare utdanning og vidare utdanningsvegar i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Tidlegare yrke og yrkesønske i Noreg • Jobbsøking og CV • Arbeidsmarknad |

Nivå B I

Mål

Globale mål

- Kan forstå hovudpunkta i informasjon som vert formidla på ein klar og enkel måte, og som er relatert til kjende emne frå arbeid, skole, heim og fritid
- Kan gi ei enkel, samanhengande framstilling av kjende emne og emne av personleg interesse. Kan fortelje om opplevingar, håp og planar, og kort grunngi og forklare egne meiningar
- Kan delta utan å førebu seg i samtalar i dei fleste situasjonar ein møter i arbeid, skole, heim og fritid

Delmål

Lytte

- Kan forstå hovudpunkta i klar, moderert tale om emne ein kjenner frå skole, arbeid, heim og fritid
- Kan forstå hovudpoenga i mange radio- og tv-program og enklare lydopptak av aktuelle saker eller tema av personleg eller fagleg interesse, når dei vert framstilte relativt seint og tydeleg
- Kan forstå hovudinnhaldet og spesifikke detaljar i enkel fakta-informasjon
- Kan følgje hovudpunkta i samtalar rundt ein, når samtalan går føre seg seint og det vert snakka tydeleg i eit moderert talespråk
- Kan følgje med i ei framstilling om eit kjent emne, for eksempel i ein skoletime, når det vert snakka klart og strukturert
- Kan forstå detaljerte rettleiingar
- Kan slutte seg til kva ukjende ord tyder ut frå samanhengen, og meininga i ytringar der det finst ukjende ord
- Kan følgje med i mange filmar med norsk tale, med støtte i handlinga og det visuelle
- Kan forstå nokre vanlege dialektuttrykk frå lokalt miljø

Lese

- Kan forstå tekstar som er skrivne på eit direkte og klart språk, og der innhaldet er klart strukturert
- Kan forstå tekstar knytte til egne interesser og eigen jobb
- Kan forstå beskrivingar av hendingar, kjensler og ønske i personlege brev
- Kan finne og forstå relevant informasjon for eksempel i brev, brosjyrar og korte, offentlege brev og kunngjeringar
- Kan søkje etter og finne spesifikk informasjon i ein lengre eller fleire kortare tekstar
- Kan finne viktige hovudpunkt i avisartiklar om kjende emne eller hendingar
- Kan kjenne att hovudlinjene og hovudmeininga i ein saktekst
- Kan forstå bruksrettleiingar som er klart skrivne

Snakke

- Kan binde saman frasar på ein enkel måte for å beskrive egne erfaringar, opplevingar, draumar, håp og planar
- Kan gi att handlinga i ei bok eller ein film
- Kan fortelje ei historie
- Kan beskrive detaljar
- Kan beskrive kjensler og reaksjonar
- Kan kort grunngi og forklare meiningar, handlingar og planar
- Kan halde korte, innøvde innlegg om kjende emne

Skrive

- Kan skrive forståeleg, samanhengande tekst ved å binde enkle setningar saman i ein lineær sekvens
- Kan skrive enkel tekst med ein del detaljerte beskrivingar av kjende emne eller emne av personleg interesse
- Kan fortelje ei historie eller gi att handlinga i ein film eller ei bok
- Kan skrive enkle, personlege brev
- Kan beskrive egne opplevingar, erfaringar, planar, draumar og håp
- Kan beskrive egne reaksjonar og synspunkt på opplevingar og erfaringar
- Kan kort forklare og grunngi meiningar og gjere greie for haldningar
- Kan skrive svært korte formelle tekstar med faktisk informasjon og grunngiving

Samtale

- Kan klare seg i dei fleste samtalar i dagleglivet
- Kan delta utan å førebu seg i samtalar om kjende eller daglegdagse emne og emne av personleg interesse
- Kan delta i ein enkel og godt strukturert formell debatt, med utveksling av faktisk informasjon knytt til eit kjent emne
- Kan uttrykkje meiningar og utveksle informasjon om kjende emne og emne av personleg interesse
- Kan uttrykkje synspunkt, meiningar, semje eller usemje på ein høfleg måte
- Kan etablere kontakt, bruke helsingfrasar, halde fram i og avslutte ein samtale
- Kan trekkje samtalepartnaren med i samtalen
- Kan spørje om oppklaringar
- Kan spørje om stadfesting av og hjelp til rett bruk av språklege uttrykk
- Kan ta opp att kommunikasjonen når samtalen stoppar opp
- Kan gi uttrykk for felles forståing

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Har godt nok språk og stort nok ordforråd til å kunne uttrykkje seg med ein del omskrivingar og pausar om emne som familie, fritid, arbeid og aktuelle hendingar

Grammatikk: Har eit forråd av frekvent brukte mønster og bruker dei tilnærma korrekt

Flyt: Leitar heilt tydeleg etter ord og korrekte former og reparasjonar i fri produksjon, men dette gjer det sjeldan vanskelegare å forstå

Samtale: Kan begynne, halde fram i og avslutte ein samtale om kjende emne og emne av personleg interesse, og kan fastslå felles forståing

Sammenheng: Bind saman fleire kortare element til ein samanhengande, lineær sekvens

Innhald

| Domene | | | |
|---|---|---|--|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| <ul style="list-style-type: none"> • Familierelasjonar (eldreomsorg, barneoppseding, kjønnsroller) • Bustadforhold og bumiljø | <ul style="list-style-type: none"> • Grunnleggjande verdiar: likestilling, ytringsfridom, trusfridom • Velferdssamfunnet: rettar og plikter (helsevesenet) • Media og massekommunikasjon • Noreg før og no: frå bondesamfunn til moderne samfunn, utvandring og innvandring | <ul style="list-style-type: none"> • Fagterminologi i aktuelle skolefag • Skolesystemet i Noreg • Vaksenopplæring og etterutdanningsveggar i Noreg (livslang læring) | <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsplassar og utvegar til jobb i Noreg • Jobbsøkingmetodar, CV, intervju, søknad • Arbeidsmiljø, lønn, rettar og plikter, fagforeining |

Nivå B2

Mål

Globale mål

- Kan forstå hovudinnhaldet i informasjon der det vert brukt eit komplekst språk, og der emna kan vere både konkrete og abstrakte, allmenne og faglege (knytte til eige fagfelt)
- Kan gi ei klar og detaljert framstilling innanfor eit vidt spekter av emne. Kan forklare synspunkt og argumentere for og imot standpunkt
- Kan bruke språket så flytande og spontant at ein samtale kan gjennomførast utan vanskar

Delmål

Lytte

- Kan forstå hovudinnhaldet i informasjon der det vert brukt eit komplekst språk og ein del idiomatiske uttrykk, og der emna kan vere både konkrete og abstrakte, allmenne og faglege
- Kan forstå dei fleste samtalar rundt seg
- Kan forstå i detalj det som andre seier til ein, når dei bruker eit moderert talespråk
- Kan følgje lange innlegg og kompleks argumentasjon når emnet er etter måten godt kjent, og formidlinga av stoffet er godt strukturert
- Kan følgje hovudideane i førelesingar, føredrag og presentasjonar som uttrykkjer komplekse idear på eit komplekst språk
- Kan forstå meldingar om konkrete og abstrakte emne på eit moderert språk med normal fart
- Kan forstå dei fleste nyheits- og aktualitetsprogram i radio og på tv
- Kan forstå flesteparten av norske filmar der det vert brukt eit moderert talespråk
- Kan forstå innhaldet i radiodokumentarar, intervju og underhaldningsprogram, og kan identifisere haldningar og synspunkt

Lese

- Kan lese artiklar og rapportar om aktuelle problem, der forfattaren gir uttrykk for eigne haldningar og synspunkt
- Kan lese samtidslitteratur med eit visst utbyte
- Kan forstå lange og komplekse skriftlege instruksjonar innanfor eige fagfelt
- Kan avpasse lesestil og lesefart til ulike tekstar
- Kan skumlese lange og komplekse tekstar og finne relevante detaljar
- Kan raskt og enkelt identifisere innhald og relevant informasjon i artiklar og rapportar om ei rekkje emne

Snakke

- Kan presentere klare, detaljerte beskrivingar av eit vidt spekter av emne relaterte til eigne interesseområde
- Kan presentere ei sak og argumentere for ulike syn på saka
- Kan bruke omskrivingar og parafrase for å dekkje hol i vokabular og struktur
- Kan korrigere feil dersom dei har ført til misforståingar

Skrive

- Kan skrive klare, detaljerte tekstar om eit vidt spekter av emne innanfor eige fagfelt eller eigne interesser
- Kan beskrive kor viktige opplevingar og erfaringar er reint personleg
- Kan gi samandrag av hovudinnhaldet i filmar, bøker og fagtekstar
- Kan skrive tekstar med sakleg innhald og argumentere for ulike syn på saka
- Kan samanfatte informasjon frå ulike kjelder og underbygge synspunkt, gi relevante eksempel og trekkje konklusjonar

Samtale

- Kan samtale med stor spontanitet og god flyt
- Kan delta aktivt i diskusjonar i kjende kontekstar og komme med klare argument for eigne synspunkt
- Kan forstå i detalj det som vert sagt til ein
- Kan kaste lys over kva personlege opplevingar og erfaringar har å seie, og formidle eigne haldningar
- Kan starte, halde fram i og avslutte ein samtale ved hjelp av passande turtakingsfrasar og signal
- Kan vere aktiv i uformell samtale og kommentere, vurdere og komme med forslag og synspunkt
- Kan følgje opp samtalepartnaren og fastslå eller avklare felles forståing
- Kan ta ansvar for at samtalen ikkje stoppar opp

Kjenneteikn ved språket

Språkleg breidd: Har stort nok ordforråd og gode nok strukturar til å gi klare beskrivingar og uttrykkje synspunkt på dei fleste allmenne emne. Bruker komplekse setningar

Grammatikk: Har relativt god grammatisk kontroll og gjer ikkje feil som fører til misforståingar. Kan rette dei fleste feila sine sjølv

Flyt: Snakkar i eit relativt jamt tempo utan for mange lange pausar

Samtale: Kan begynne ein samtale, ta tur og avslutte. Kan bidra til å drive samtalen framover ved å gi tilbakemelding til og trekkkje samtalepartnarar med i samtalen

Samanheng: Kan skrive klar, samanhengande tekst ved å bruke ein del samanbindingsteknikkar

Innhald

| Domene | | | |
|-----------|--|--|---|
| Personleg | Offentleg | Opplæring | Yrke/arbeidsliv |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Politisk system og rettsvesen • Noreg i verda | <ul style="list-style-type: none"> • Høgskole- og universitets-system i Noreg | <ul style="list-style-type: none"> • Næringsliv og arbeids-marknad • Jobbsøking, nyansert CV og utfyllande søknad • Lov og rett i arbeidslivet, fagforeiningar |

«Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for
vaksne innvandrere» er utarbeida etter oppdrag frå



ARBEIDS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

Vox

Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet
Olaf Helsets vei 5b, Postboks 6139 Etterstad, 0602 Oslo
Telefon: 23 38 13 00 • Telefaks: 23 38 13 01
www.vox.no • postmottak@vox.no

